

Stig Nordbø Børsheim frå Uskedalen er eigentleg fysioterapeut, men også skodespelar og no står han framfor ei spanande oppgåve nesten på heimleg grunn: Han skal spela den eine av to rollar i ein einaktar under teaterfestivalen "Teater uten grenser" på Stord 25. oktober.

Dette er norgespremiere og stykket er "Talk to me like the rain and let me listen" av Tennessee Williams. Stig og medspelar Synne Johannesen har sjølv oversett stykket, hatt det meste av regien og spelar altså dei to rollene. Framsyninga blir også sett opp i Oslo – den 22. november.

Stig fotel at dei med den norske versjonen av stykket på ulike måtar tek utgangspunkt i eksistensialisme og framandgjering. Einaktarane til Williams var grunnlag for seinere arbeid med store stykke som "Ein sporvogn til begjær", "Katt på hett blikktak" og "Glasmanasjeriet".

Han skildrar storbynevrosar, Amerikas tapte uskyld og tek livet av den amerikanske draumen, Stig og Synne ønsker å visa breidda til ein av dei mest kjende og spela dramatikarane i nyare tid.

- For oss er essensen i stykket den kamp vi kjempar for å nå kvarandre, seier Stig. Både mannen og kvinna ber preg av ein livssituasjon fylt av mangel på håp samstundes som det ligg ei stille bønn mellom dei om å møtast der dei er no.

Av Ola Matti Mathisen